

Hei

Det er fleire forhold eg tenker er viktig å ha med seg når ein skal vurdere minste vekt på lam. Det er vekt som parameter på kvalitet og faktor for kva lammet kan nyttas. Kva vi kan nytte lammet til er svært styrende for kva verdi vi får ut av lammet. Og det er vekt som er ein viktig faktor for effektiviteten i slakte og skjereprosessen.

- Vekt på lam sin påvirkning på kvalitet og kva produkt vi kan ta ut.
 - Lam mindre enn 18 kg får vi begrensninger på ein del produkt. Carre, lammerullråstoff,
 - Lam mindre enn 15 kg blir for små til pinnekjøtt, enkelte typer lammeskank mm.
 - Lam mindre enn 11 kg blir for små til lammesteik
 - Lam mindre enn 11 kg har ofte dårleg klasse, lite kjøtt på ribbene gjer at det egner seg dårleg i fårikål. (vi får litt klager på mykje bein og lite kjøtt på fårikålkjøttet)
 - Små lam må beines ut til sortering, sortering er dårleg betalt.
 - Små lam har høg beinprosent
- Vekt på lam sin påvirkning på effektivitet
 - Vi bruker ca samme tid på eit lam om det veier 20 eller 10 kg. Ergo så har vi samme kostnadene med å slakte og skjere eit lite lam som eit stort lam. Til mindre lammet til verre blir det.

Oppsummert så er det frå produksjon sitt synspunkt eit ønske om å få lamma større enn 15 kg slik at dei kan nyttas til dei fleste produkta som vi skal lage. Vi får eit tap når vi ikkje kan ta pinnekjøtt, lammeskank ol. Tapet blir endå større når vekta på lammet er under 11 og vi ikkje kan ta lammesteik av det.

Når det gjelder kje så er eg ikkje så trygg i kva eg skal meine om minstevekt. Eg har ingen regnestykke på det men tenker kje slakting må gå i minus pga lav kg/time. Dei som kjøper kje av oss ønsker stort sett kje som er over 7 kg. Men det blir slakta kje på avtale der eg meine minste vekta er 5 kg. Så kanskje 5 kg kan vere ei minstevekt ?

Ta kontakt om det er behov for meir utfyllende svar eller dokumentasjon på kva som faktisk skjer med økonomien når lamma er små.

Riktig god helg

Med venleg helsing

Bjørn Bygstad

Avdelingsleiar Skjering, Hengehall og Finstykk